 <b>KFUM Volda Volleyball</b>	<b>Årsmelding for 2019</b>
	<b>Til Årsmøtet 10. mars 2020</b>

## Aktivitetar

Året 2019 vart avslutta med 125 medlemmer, fordelt på 11 grupper. I gruppa for trenarar og støtteapparat har vi ca. 20 personar. Fleire lag enn tidlegare har fellestreningar frå hausten 2019 enn tidlegare. Dette grunna hall- og trenarmangel. Dette gjeld spesielt gute- og herresida.

KFUM Volda Volleyball har berre ein spelarar på ToppVolley i Rogaland frå hausten 2019.

I 2019 har vi arrangert minivolleyball-turnering, U17- og U15-turneringar, i tillegg til damekampar i Mizunoligaen, 2. divisjon herre- og damekampar, og kvartfinale i NM for damer. Grunna pressa hallkapasitet i Volda kommune har arrangementa gått i Voldahallen, Honndalshallen og Ørstahallen. På Årneset arrangerte vi NordvestTour, og hadde beach-turnering for aldersbestemte lag. I september arrangerte vi for tredje gong Sparebank1 Eliteturnering.

## Oversikt over laga i KFUM Volda Volleyball:


Lag	Tal på spelarar	Trenarar	Oppmann
Mini 2010-2012	Ca. 20	Nancy Ann Eide Brattli og Bodil Helle. Henning og Julie Helle har også delteke.	Elin Høydal Vatne
Mini 2009-2010	Ca. 10	Henning Heltne, saman med Randi Holsvik og ??? Kille	
G2006-2008	Ca. 14	Camilla og Bernt Humberstet	Camilla Humberstet
J2006-2008	Ca. 20	Rune Aarflot, Camilla Humberstet, Irene Krumsvik, Øystein Hovlid. Nokre av spelarane på Elitelaget har også vore innom.	Irene Krumsvik
JU13 (vår)	Ca. 10	Irene Krumsvik og Øystein Hovlid	
JU15/17/2. div.	Ca.10	Rune Bernås	Liv Kristin Øvereng
GU15/17 (vår)	Ca. 8	John Sverre Aarseth	Hildegunn Humberstet
JU19/Elite	Ca. 20	Vladislav Todorov og Bodil Helle	Håkon Bø
G17/19/2. div (haust)	Ca. 10	Leif Reidar Røv	Hildegunn Humberstet / Sissel Andersen
Mix dame	5-10		
Mix herre	5-10	-	-

## Styret

I styret for klubben i 2019 har vore Rune Hauge Aarflot (leiar), Kristin Indresøvdde (medlemsansvarleg/kasserar), Irene Krumsvik (sponsor/sekretær/barneidrettsansvarleg), Svein Flåskjer (materialforvaltar), Nancy Ann Eide Brattli (kiosk/dugnadsansvarleg), Jan Olav Brænde (styremedlem/vara) og Leif Reidar Røv (sportsleg leiar).

Jan Olav Ose har fungert som kasserar i Kristin Indresøvdde sitt fråvære fram til hausten 2019.

Det har vore styremøte ca. ein gong i månaden. Styrearbeidet er i perioder prega av at fleire av medlemene ikkje har høve til å gjere styrearbeid på dagtid, slik det tidlegare har vore gjort. Dette kan vere ei utfordring i enkelte saker. Fleire saker, og betre økonomisk resultat kunne

 <b>KFUM Volda Volleyball</b>	<b>Årsmelding for 2019</b>
	<b>Til Årsmøtet 10. mars 2020</b>

nok vore oppnådd om nokre av medlemene i styret hadde hatt meir fleksible dagar, eller klubben hadde tilsett ein organisasjonssekretær.

Magne Aarseth og Henning Heltne til valnemnd til Årsmøtet 2019.

Eiliv Halkjelsvik og Kristian Kolnes sit i Kontrollkomiteen etter årsmøtet 2019.

Erlend Krumsvik og Rune Aarflot representerte klubben i styret i Volda Campus Arena as fram til mars 2019, då gjekk Erlend ut og Kristin Indresøvde kom inn.

Svein Flåskjer og Bernt Humberset representerer klubben i brukargruppa til Volda Campus Sparebank1 Arena.

Bodil Helle, Olav Fure og Eiliv Halkjelsvik har representert klubben i NVBF Møre og Romsdal sitt ting fram til Årsmøtet 2019. Etter dette vart det ei omstrukturering.

Etter omstruktureringa sit Kristin Indresøvde og Eiliv Halkjelsvik (vara) i styret, Camilla Dahl Humberset, Maria Todorova, Bodil Helle og Kristin Indresøvde i forskjellige utval i regionen.

## Rekruttering

Heller ikkje i 2019 har vi kunne jobba mykje med rekruttering og arrangert heller ikkje minivolleyballskule. Grunnen til dette er sprengd hallkapasitet, og liten tilgang på nye trenarar. Vi har likevel hatt rekruttering til dei fleste gruppene under 15 år, spesielt på jentesida. Utover hausten 2019 har vi også sett betra rekruttering på gutesida under 15 år, og på jentsida til U17-laget. Dette er veldig gledeleg og er eit godt teikn som syner at vi gjer noko rett som klubb.

## Sportsleg suksess!

Idrettsvåren 2019 kan oppsummerast sportsleg slik: SUKSESS!

I aldersbestemt NM stilte vi med heile fem lag, og tre av dei tok med medaljar heim.

2. divisjon herre vann serien i Møre og Romsdal, og 1. divisjonsdamene toppa det heile med å mirakuløst i siste innsjutt kome på 2. plass i totalrankingen og fekk direkte opprykk til Mizunoligaen.

Hausten 2019 deltok fleire lag både på Åpningsturneringa i Bergen og på Førdecup.


I 2019 har fem spelarar frå klubben har vore med på lagsamlingar. Hedda og Nora Øvereng, Ingrid Indresøvde Bernås, Asbjørn Bae og Emil Kilvik Helset. Nora og Hedda gjekk vidare frå samlingane og har landslagsspel under NEVZA og EM-kvallik.

Fleire spelarar frå klubben har vore uttekne på regionslag for Møre & Romsdal, og på Volda vgs. sine lag under NM for vidaregåande skular.

Sjå elles laga sine egne årsrapportar.

## Økonomi

Klubben har framleis god økonomi. Vi sikra oss eit lite overskot på kr. 10.355,- i 2019, og balansen viser eigedelar for kr. 634.313,-.

 <b>KFUM Volda Volleyball</b>	<b>Årsmelding for 2019</b>
	<b>Til Årsmøtet 10. mars 2020</b>

Frå vedtak i Årsmøtet 2018 vart det i 2019 sett av kr. 70.000,- til bufferkonto for husleige i Volda Campus Sparebank1 Arena, og etter Årsmøtet 2019 vart det sett av kr. 50.000,- til utviding av anlegget på Årneset. Etter årsmøtevedtak 2019 skulle det også settast av kr. 150.000,- til husleige i 2019, men for å ikkje tære på frie omløpsmidlar har ikkje styret gjort dette. I samband med opprykket for damelaget har det kome fleire investeringa som ikkje var planlagde i budsjettet, blant anna innkjøp av vant til kr. 71.000,- og ein del IT-utstyr og program til ca. kr. 20.000,-.

Styret har jobba meir med å få inn nye sponsorar enn tidlegare, og har vore i dialog med fleire firma om nye sponsorkontrakter. Dessverre har dette ikkje gitt ønska resultat. Vi har fått inn litt pengar via skilt i Voldahallen, men ikkje i nærheita av det vi håpte på. Vi hadde også ei runde med sponing av matchballar noko som vart ein suksess. Vi fekk inn ca. 25.000,- som vart brukt direkte til den nye matchballen som vart teken i bruk frå hausten 2019. Styret er ikkje i tvil om at det er meir å hente i marknaden, men erfaringa er at sponsorarbeid må i all hovudsak skje på dagtid, noko som gjer det krevjande med tanke på at fleire i styret ikkje kan ta fri frå jobb.

Siste åra har styret i klubben jobbar for å få samla all økonomi i klubben for å få meir oversikt over total økonomi i klubben. Frå hausten 2019 var dette i mål, og det viser også igjen på for eksempel momskompensasjonen vi har fått i 2019. Den er vesentleg auka. At klubben også fekk rekneskapsførar i 2018 viste seg også å vere lurt, sidan vi måtte ha dette for å få innvilga Elitelisens ved opprykket for damelaget.


Ein søknad som var ekstra kjekk å få svar på var ein søknad vi sendte til Friluftsforeninga i Volda. Søknaden var retta mot å få full finansiering av utviding av anlegget på Årneset. Vi søkte om 140.000,- og fekk innvilga dette. Beløpet vert utbetalt når anlegget står ferdig. Vi søkte også Sparebank1 Søre Sunnmøre om prosjektmidlar til same prosjekt, og via ein Spleis fått lovnad om dobling av Spleisen frå SPB1SS. Ved utgangen av 2019 vart også Tippemidelsøknaden godkjent av Volda kommune og oversendt til M&R Fylke for vurdering. Vi vil få svar på dette våren 2020. Om alt er i orden er denne utvidinga fullfinansiert, med ein eigenkapital på berre kr. 50.000,-.

Vi har også fått inn ekstra midlar til Smashing Fredag / Idrett utan alkohol frå Inner Wheel Volda og Det Hvite Bånd Volda.

Sponsorane vår i 2019 var SpareBank 1 Søre Sunnmøre, Brændes rørleggerforretning, Apotek1, More Woman, Tømrer Service, Family Sportsclub, Tussa, Idrett uten Alkohol, Furene og Brunvoll.

## **Elitehelg**

Vi arrangerte også i 2019 Sparebank1 Eliteturnering. Vi utvida turneringa til også å ha med damelag, og det vart ein fin sesongstart for Elitedamene våre. På damesida deltok KFUM Volda Volleyball, NTNUI og TVN. Førde skulle også kome, men grunna trenarmangel måtte dei takke nei. På herresida deltok Koll, Viking, Førde og NTNUI.

 <b>KFUM Volda Volleyball</b>	<b>Årsmelding for 2019</b>
	<b>Til Årsmøtet 10. mars 2020</b>

I år hadde også NVBF lagt kurs i DataVolley til turneringa. NVBF hadde også håp om å få gjennomført ei dommarsamling under turneringa, men den vart ikkje noko av. Kampane vart i 2019 spelt både i Voldahallen og i Ørstahallen. Banketten laurdag vart arrangert på BK på HVO, som vanleg sponsa av SPB1SS som også hadde med Vidar Egset på middagen.

Heile klubben deltok med å arrangere Eliteturneringa i 2019.

## **Arbeidet i styret og organisering av klubben**

Klubben har eit litt stort, men velfungerande styre. At styret er stort kan by på nokre utfordringar med tanke på å få alle til å møte på styremøta. Fleire styremedlemer har problem med å få gjennomført nokre av arbeidsoppgåvene i styret som må gjennomførast på dagtid. Som for eksempel møter med offentlege institusjonar og sponsorar. Dette er eit utfordring.

Styret har lært mykje dette året, og ser at i takt med at klubben veks, og krava vert større, må styret vere betre og klarare i kommunikasjon med dei forskjellige gruppene. Som eit ledd i dette, har styret jobba med å «flate ut» strukturen i klubben frå 2020, og vil på årsmøtet presentere eit forslag der klubben opprettar fleire arbeidsgrupper på tvers av nivå og alder. Desse gruppene vil få konkrete arbeidsoppgåver, og blir ikkje juridisk ansvarlege på same måte som styret er.

Mykje av arbeidet i styret i år vore prega av arbeid med VCA, sponsorarbeid, og nokre andre resursskrevande saker som har teke mykje tid som kunne vore brukt på andre måtar. Kulturdepartementet hadde også krav om at alle organisasjonar tilknytt Norges Idrettsforbund skulle ha heildigitale medlemssystem, med «vasking» og verifisering av alle medlemer i 2019. Dette har vore eit stort arbeid. Styret vedtok å bruke NIF sitt eige system KlubbAdmin, og støttar no alle krav. Klubben tok også i bruk dette systemet for fakturering av kontingent og treningsavgift.


Fleire styremedlemer har mot slutten av året gitt beskjed at dei ikkje kjem til å ta attval frå Årsmøtet 2020.

## **Kompetanseheving**

Fleire i klubben har teke kurs i år. John Sverre Aarseth avslutta Trener 3-kurset, og fleire i støtteapparatet og spelarar har gått kurs i eScoresheet og Datavolley. Dessverre fekk vi ikkje utdanna fleire Trener 1, men dette ser ut til å ordne seg i 2020.

Emil Helset og Elias Brattli tok Dommar2-kurs, og Truls og Rune Bernås fullførte Dommar3-kurs. Rune Bernås fornya også kompetansen sin for å kunne halde Dommarkurs.

Nokre i styret har delteke på kurs i KlubbAdmin, Årsmøtegjennomføring og kurs i nye Vedtekter frå 2020 for klubbar tilknytt NIF.

 <b>KFUM Volda Volleyball</b>	<b>Årsmelding for 2019</b>
	<b>Til Årsmøtet 10. mars 2020</b>

## Utviding på Årneset

Som skrive tidlegare har styret jobba med å få fullfinansiert dette prosjektet, og kom i mål med det hausten 2019, rett før søknaden om Tippemidlar skulle sendast inn.

Vi har fått god hjelp frå Henning Heltne i Tømrer Service AS til å få teikna anlegget, og med å jobbe med eit godkjent anleggsbudsjett på dette prosjektet. Tippemidelsøknaden vart godkjent av kommunen, og vi enda opp på 4. plass på prioriteringslista over prosjekt som skal få eit slikt tilskot. No skal søknaden sendast vidare til M&R fylke, som har den endelege godkjenninga. Håpet er at vi skal få starte på arbeidet med to nye minibeachbaner og tribune-/spensttreningsanlegg våren/sommaren 2020.

## Smashing Fredag og Minivolleyball i skulen

Våren 2019 fekk vi starta desse to prosjekta som er finansierte via prosjektmidlar frå fleire aktørar. Volda kommune, Idrett utan alkohol og NVBF er dei største bidragsytarane.

Prosjekta har gitt klubben sin første tilsette, då Maria Todorova er tilsett i ei prosjektstilling. Maria starta med Minivolleyball i skulen på Øyra våren 2019. Kommunikasjon med det offentlege er litt tidkrevjande, men mot slutten av året har vi også gjort avtalar med Bratteberg, Dravlaus og Hornindal skule om oppstart i løpet av 2020.

Smashing fredag har hatt lite besøk, men dei som er med har det kjekt. Det er vanskeleg å nå fram med arrangementsinfo til ungdomar, men vi jobbar vidare med prosjektet. På slutten av året fekk vi også starta opp Smashing måndag rett etter skuletid, som har vore betre besøkt.

Bodil B. Helle og Maria vil jobbe meir med desse prosjekta våren 2020.

## Andre aktivitetar

Då styret har vore pressa på tid til arbeid med oppgåver, har det vore arrangert lite aktivitetar utanom «vanlege» arrangement. Dette er synd, men vi håpar dette kan rette seg i 2020 med oppretting av arbeidsgrupper.

Vi hadde ei samling før jul med pizza og brus til dei aldersbestemte laga, dette var ein suksess vi håpar å kunne gjenta.

Vi starta opp att 1000-klubben til Jarle Bae, men no i nytt format, der vi startar på 100 og aukar gradvis opp til 5000. Vi har prøvd å få til utdeling av t-skjorter med trykk under pause i Elitekampane. Dette tiltaket ser ut til å vere veldig motiverande.

For styret  
Rune Hauge Aarflot  
leiar KFUM Volda Volleyball